



* Anna Mork (12) og Maja Natås (11) prøvde voltige for første gang nyleg, og stilte sporty opp på showet for å vise kva dei hadde lært så langt.



* Liv Jorunn Nyhagen stod på hovudet på hesten sin Pokemann under showet.

Haustrshowet som (nesten) regna vekk

Det var tynt i rekkene blant publikum då Volda rideklubb inviterte til Haustshow søndag. Trass litt surt vêr fekk dei frammøtte likevel godt utbytte av dagen.

I løpet av nokre hektiske timar vart det litt for ein kvar smak på Vollane ridebane. Publikum fekk sjå ei spenstig sprangkvadrilje (formasjonsriding med hinder), dei fekk presentert mesteparten av dei ulike hestarasane som finst i rideklubben og dei fekk sjå eit sprekt voltige-innslag (turn på hesteryggen). I tillegg var det mogleg å prøve seg på gymkhana (leikar til hest) og bærneriding/strigling av hest.

Drøymer om ridehall

Rideklubben har akkurat investert i nytt dekke på ridebana, takka vere støtte frå Sparebanken Møre. I tillegg er parkeringsplassen utvida, gjennom eit godt samarbeid med Hjelle Maskinlag. Alt låg med andre ord til rette for eit flott show søndag.

- Det var sjølvsagt litt skuffande med lite publikum, men vi har forståing for at det var lite freistande å gå ut i det vêret som var. Dette viser nok ein gang at det er på tide å få opp ein ridehall i Volda, forklarer klubbleiar Edle Holmin, men legg til at dei som møtte fram var godt kledde og såg ut til å kose seg. - Og barna slapp å stå lenge i kø på dei ulike aktivitetane, seier ho med eit smil.

Gode innslag

Sjølve showet gjekk knirkefritt, med gode oppvisningar frå klubben sine medlemmar. I raseparaden hadde klubben også fridd til ikkje-medlemmar med eigne hestar, for å få vise fram mangfaldet av hestarasar her i bygda. Publikum fekk sjå hestar i alle storleikar, frå små ponniar til store ride- og køyrehestar. I år som i fjor vart det synt fram voltige (turn på hesteryggen), og denne gangen var det to av klubben sine yngste medlemmar som stod for hovuddelen av dette innslaget. Begge to stifta først kjennskap til voltige tidlegare i haust, men viste

eit flott og elegant innslag i skritt og trav. Sprangkvadrilja var i år utelukkande samansett av fjordhestar, og dei fire ekvipasjane reid nøyaktig og fint gjennom dei 15 hindera som skulle overvinnast.

Tippa alder, vann stol

Det vart elles gjennomført ei gjettekonkurranse, noko som har blitt tradisjon på klubben sine show. På Haustshowet kunne publikum gjette alderen på fjordhesten Linndi, som er ung til sinns trass sine 21 år. Premien i gjettekonkurransen var ein dyr og fin stol, som klubben hadde fått sponsa av Fora Form. Den heldige vinnaren vart Hilde Åslid.

- Alt i alt er vi godt nøgde med showet. Vêret er det vanskeleg å gjere nok med, slår Holmin fast.

* Fjordhesten Pokemann let seg ikkje affisere av dei ulike kunststykkane som vart utført på ryggen hans i fart.



* Voltige er turn på hesteryggen, og Maja Natås (11) og Anna Mork (12) imponerte publikum med ulike formasjonar.



* Det dårlege vêret skremte truleg vekk ein god del publikum, men dei som hadde funne vegen til Vollane ridebane var godt kledde og let ikkje vêret øydeleggje humøret.



* Magne Holmin let barna strigle hestane Svarta og Linka.